



Statens vegvesen

Seim Bolig AS
Fureberget 29A

Sveinung Seim

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/168756-3

Dykkar referanse:


Vår dato:
02.11.2018

Ber om fleire opplysningar – Utvida bruk av avkjørsel / Dispensasjon fra byggegrense – Fv. 404 – gnr. 145 bnr. 33 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 01.08.2018, med søknad om deling av grunneigedom gnr. 145 bnr. 33 i Lindås kommune. Foremålet er å etablere ny bustadtomt.

Vi viser også til telefonsamtale i går, der du opplyser at du skal i møte med kommunen. Vi ber difor om ei tilbakemelding etter møtet om forhold som angår søknaden etter plan- og bygningslova. Relevant informasjon vil mellom anna vere planstatus, informasjon om plankrav og eventuelle rekkefølgekrav.

Fylkesvegen på denne strekninga er regulert gjennom *Fv. 404, strekninga Kvamme – Fossevatnet (2015)*, og deler av omsøkte eigedom er omfatta av denne reguleringsplanen. Vi vil difor gjere merksam på at vi ikkje kan tillate tiltak som er i strid med denne planen og som kan vere til hinder for gjennomføring av planen.



Del av reguleringsplan Fv. 404, strekninga Kvamme – Fossevatnet (2015).

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vi vil minne om at byggjegrense langs veg i praksis gjeld dei fleste tiltak, så som bygningar, murar, planert areal med meir. Vi vil særleg minne om at det er eigne byggjegrenser langs gang og sykkelveg.

Før vi kan ta endeleg stilling til søknaden må det sendast inn målsette teikningar som syner plassering av bustad, murer, snu- og parkeringsareal med meir.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ